



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/632 - 19/26129

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
02.09.2019

Søknad om bruk av underskilt til skilt 156 annen fare - Juvikstølen (1263 kv1018 hp1)

Lindås kommune har eit fartsdempande tiltak i form av eit trappes med fotgjengarovergang ved Knarvik ungdomskule i Juvikstølen. Fartsgrensa her er 30 km/t (30-sone). Det er «plassmangel» her og fleire avkøyrslar i området kor det er naturleg at overgangen er plassert. Dette har ført til at det heva overgangsfeltet har vorte utforma slik at det ikkje er mogleg å halde høgare fart enn mellom 10 og 15 km/t over humpen. Det er 2 store skular i området, Knarvik ungdomskule og Kvarvik vgs. I tillegg er overgangen del av skulevegen for svært mange små som skal gå til Knarvik barneskule. Idrettsanlegg og kyrkje ligg også her, så her er og stor trafikk ettermiddag og helg.

Pga. av høg tettleik av mjuke trafikkantar i området har ikkje kommunen lyst å fjerne humpen som vart reetablert etter press frå FAU, skuleadministrasjon og politisk.

Kommunen hadde ynskje om å bruke skilt 109 Fartshump med underskilt «10km/t over humpen». Me forstår at endringa frå 20.06.2017 ikkje vil tillate det.

Kommunen ynskjer som erstatning for skilt 109 å bruke; skilt 156 Annen fare med «10km/t over humpen».

Er det evt. andre skiltmoglegheitar for å varsle om faren ved denne humpen/overgangen som kan nyttast?

Med helsing

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bilete av overgang ved Knarvik usk
Skiltplan skilt 156 med undertekst ved overgang Knarvik usk

Kopi til:



Kopi til:

Kjetil Eikefet
Rune Kilen
Statens vegvesen

Mottakarar:

Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER